

Spørsmål til innspelsskjema på nettsida til kommunen (aktiv i perioden 19. mars – 23. april)

Vi ber om at du ikkje oppgir namn eller anna personleg informasjon om deg sjølv eller andre, utover det vi spør om i skjemaet.

Tema: Den gode staden å bu:



Spørsmål:

- Kva er ein god stad å bu for deg? (Til dømes bustad, transport, nærmiljø, tilhøyrsløse, fritids- og kulturtilbod, sosiale møteplassar, service- og tenestetilbod, tilgang til natur m.m.)
- Kva er viktig for at du skal kjenna deg trygg i Øygarden? (Til dømes sosialt og fysisk miljø, tenester og tilrettelegging frå kommunen, ulykker og kriminalitet, førebygging og beredskap.)
- Kva skal til for at du vert meir engasjert i utviklinga av ditt lokalsamfunn?
- I fleire deler av kommunen står det bygg som er tomme/nedlagde. Korleis kan desse brukast for å skapa liv og aktivitet i ditt lokalsamfunn?
- Andre innspel?

Tema: Meistring gjennom livsløpet:



Spørsmål:

- Korleis kan kommunen sikra gode tenester for alle, uavhengig av kvar ein bur eller kva behov ein har?
- Korleis kan vi saman sikra at alle får delta og verta inkludert i samfunnet vårt? (Gjennom til dømes fritid, jobb og skule.)
- Tenk fram mot 2034. Kva er då god livskvalitet for deg?
 - Kva er ein god alderdom for deg? Kva kan kommunen gjera? Kva kan vi saman gjera? Korleis kan frivillige lag og organisasjonar bidra?
- Kva skal til for at Øygarden får eit godt omdømme, både som leverandør av tenester, som arbeidsgjevar og stad å bu?
- Andre innspel?

Tema: Kompetent, innovativt og produktivt samfunn:



- Kva type næringer meiner du vil vera viktige å satsa på i Øygarden?
- Korleis kan næringslivet og det offentlege samarbeida for å sikra god tilgang på relevant kompetanse i framtida?
- Korleis kan kommunen bidra til å fremja innovasjon og berekraftig utvikling av næringslivet i Øygarden?
- Korleis kan næringslivet og det offentlege bidra til at fleire kan delta i arbeidslivet?
- Andre innspel?

Tema: Klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling:



Spørsmål:

- Kva kan motivera deg til å ta gode klima- og miljøvenlege val? Kva kan kommunen gjera? Kva kan vi saman gjera? Korleis kan frivillige lag og organisasjonar bidra?
- Kva er viktige miljø- og naturressursar i Øygarden? (Til dømes nærmiljø og lokale naturkvalitetar, strandsone, kyst og hav, dyre-, fugle- og planteliv, kulturlandskap og friluftsliv.)
- Korleis kan vi samarbeida for ei klima- og miljøvenleg samfunnsutvikling?
- Korleis har vi i Øygarden tilpassa oss eit endra klima i 2034?
- Andre innspel?

Kven sender innspilet:

Kjønn

Kvinne

Mann

Alder

18 år eller yngre

19 – 24

25-34

35-44

45-64

65-79

80+